



KONGLEVOLL ANDERS
Konglevoll
5956 HUNDVIN

Dato: 03.06.2016
Vår ref.: 2015/2159-114
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Den Trondhjemske postveg - Hetlehovde - gnr 93 bnr 1 - Lindås kommune - Søknad om tilskot til vern og vøling av kulturminne 2016. Underretting om vedtak

Det vert vist til Dykkar søknad av 18.11.2015 om tilskot til vern og vøling av kulturminne.

Ordninga med tilskot til vern og vøling av kulturminne vart handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling på møte den 10.05.2016, sak 71/16. Dykkar søknad vart dverre gitt avslag.

Grunngjeving:

For 2016 var det 49 søknader og kr 973.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 4.826.701,-. Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjrarar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria for skjønnsutøving som er fastsett i vedtekne retningsliner for ordninga.

I grunngjevinga for avslaget står det:

Postvegane er viktige kulturminne som har stor bruksverdi for ålmenta. Statens vegvesen har i sin verneplan, tilrådd at denne strekninga vert freda. Samstundes arbeidas det med planer om å utgreie vegen til bruk som ny gang/sykkelsti. Vi finn det riktig å venta med handsaminga av denne søknaden til prosjektet med gang og sykkelsti er avklart.

I tillegg minner vi om at HFK har øyremerka midlar frå staten til postvegane i Hordaland.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påkliga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
konst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.